

KANT'S POLITICAL LIBERALISM: RIGHT, FREEDOM AND PUBLIC REASON

MESTERBREV VED RUNAR BJØRQVIK MÆLAND

Kva handlar masteroppgåva di om?

Oppgåva handlar om det tittelen lovar: Kants politiske liberalisme. Nærare bestemt undersøkjer eg visse aspekt ved den politiske teorien Kant utviklar i første del av *Moralens metafysikk*. Eit aspekt eg særleg ser på er kva forhold denne teorien står i til Kants etiske teori. Dette er spørsmål som har blitt mykje diskutert innan Kant-forskinga dei siste åra.

Men tittelen har også ein annan referanse, som dessutan forklarar interessa mi i problemstillinga: John Rawls' *Political Liberalism*. Her set Rawls opp sitt syn mot det han omtalar som «Kant's *comprehensive* liberalism». Med det meiner han ein politisk teori som kviler på eit omfattande etisk eller metafysisk verdssyn. Den politiske liberalismen Rawls legg fram, avgrensar seg frå slike verdssyn og forsøker heller å byggja på kva alle rimelege borgarar kan ha felles.

Oppgåva mi er eit slags svar til Rawls. Eg prøver å visa at Kants eigen politiske teori, *pace* Rawls, kan tolkast som ein form for politisk liberalisme. På grunnlag av denne tolkinga peikar eg så på nokre område der Kants teori slepp unna problem som heftar ved Rawls' teori – ikkje minst at Kant, til forskjell frå Rawls, har eit godt svar til anarkisten.

Kva argumenterer du for/mot?

Eg argumenterer mot at Kants politiske teori er utleia frå, eller avhengig av, den omfattande etiske teorien me alle kjenner og elsker frå *Grunnlegging av moralens metafysikk*, og dermed for ei «frittstående» lesing av førstnemnte. Eg argumenterer også for ei liberal og demokratisk tolking av Kant, og mot tolkingar som tillegg han autokratiske og absolutistiske syn.

Dei kanskje mest radikale påstandane eg argumenterer for, er at Kant gir det kategoriske imperativet ei anna form og ein annan status i *Moralens metafysikk* enn i dei tidlegare

etiske verka hans, og at Rawls' liberale legitimitetsprinsipp har anarkisme som sin logiske konklusjon. Meir kuriøst er det kanskje at eg også argumenterer (i ein fotnote) for at det økonomiske regimet på Cuba ikkje ville passert Kants test for politisk legitimitet.

Kvifor bør andre lesa oppgåva di?

Eg trur det er ein del å læra om Kant, Rawls, og grunn-givingsstrategiar innan politisk filosofi frå oppgåva mi. Ho inneheld fleire originale argument og til dels grundige diskusjonar av den eksisterande forskingslitteraturen. Dessutan er fleire passasjar velskrivne, og krydra her og der med anekdotar, ordspel, digresjonar – og nokre saftige feil som slepte unna korrektoren.

Kva er dine planar for framtida?

No jobbar eg som journalist i nettavisa Framtida.no, i eit engasjement som varer til utpå våren neste år. Kanskje søkjer eg stipendiatstilling etterpå – eg har alltid hatt lyst til å ta ein PhD i filosofi – eller så held eg fram journalist-gjeringa i ei eller anna form.